Bykle kommune
Bykle ser langt

«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

| Vår ref: | Sakshandsamar: | Dato: |
| --- | --- | --- |
| 2017/325-46 | Caroline Rysstad<br>Caroline.Rysstad@bykle.kommune.no | 19.06.2023 |

**Referat frå møte i samarbeidsutvalet eining barnehagen 14.06.2023**

Desse møtte: Else Gyro Rysstad, Silje Rygnestad, Anne Thielecke, Sigrid Stensbøl

Vararepresentant: Magnhild Mosdøl (for Helga F. Dalen)

Meldt fråfall: Anna Lise Pedersen Væting, Helga Frøystein Dalen

Referent: Caroline Rysstad

**Sak 5/22-23 Godkjenning av årsplan 2023-2024**

Bakgrunn for saka:

Samarbeidsutvalet skal fastsetje årsplanen for barnehagane si pedagogiske verksemd jfr. Barnehagelova §2 siste ledd. Framlegg til årsplan ligg med saka.

**Vedtak: Samarbeidsutvalet godkjenner framlegget til årsplan for barnehagane 2023-2024**

**Sak 6/22-23 Kurs- og fagdagar 2023-2024**

Bakgrunn for saka:

Barnehagane har tariff festa 5 kurs- og fagdagar i løpet av eit barnehageår. Forslag til dagar i barnehageåret 2023-2024 er:

14. og 15. august 2023, 20. oktober 2023, 2. januar 2023, 10. mai 2023



Rådhuset Sarvsvegen 14
4754 Bykle
T 37 93 85 00
E postmottak@bykle.kommune.no
Bank: 2835 20 00266
Skatt: 6345 06 09414
Kommunenr: 4222
Org. Nr. 958 814 968
www.bykle.kommune.no

Det er dei same som for skulane i Bykle.

**Vedtak: Samarbeidsutvalet godkjenner framlegget til kurs- og fagdagar for 2023-2024**

**Sak 7/22-23 Orienteringssak, endring av vedtekter**

Bakgrunn for saka:

Samarbeidsutvalet hadde i møte 28.11.22 oppe sak om opningstid i Bykle barnehage.

Samarbeidsutvalet ønskja å utvide opningstida i Bykle barnehage til 0715-1615, samt å utvide

tilbodet i båe barnehagane frå 8,5 timar per dag til 9 timar per dag. Vedtatt i kommunestyremøte 30.03.2023

**Vedtak: Samarbeidsutvalet tok orienteringa til orientering**

**Sak 8/22-23 Brukarundersøkinga 2022**

Bakgrunn for saka:

Barnehagane i Bykle kommune nytter seg av UDIR sin foreldreundersøking. Det er

gjort dei tre siste åra. Resultatet vert lagt fram for samarbeidsutvalet til orientering. Det er veldig bra resultat i barnehagane, både sett i Agder og mot nasjonalt nivå.

**Vedtak: Samarbeidsutvalet tok foreldreundersøkinga til orientering**

Med helsing
Bykle kommune

Caroline Rysstad
Tenesteleiar barnehage

Brevet er elektronisk godkjent og vert sendt utan underskrift.

Kopi til:

| | |
|---|---|
| Kjetil Vik | Sarvsvegen 14 |
| Eivind Tveit | Sarvsvegen 14 |



Rådhuset Sarvsvegen 14
754 Bykle
T 37 93 85 00
E postmottak@bykle.kommune.no
Bank: 2835 20 00266
Skatt: 6345 06 09414
Kommunenr: 4222
Org. Nr. 958 814 968
www.bykle.kommune.no

# Årsplan for Bykle og Fjellgardane barnehage 2023-2024




Setesdal regionråd

# Innhald

.......... 1
Innhald .......... 2
Innleiing .......... 3
Nettverk Setesdal Oppvekst .......... 4
Mål og satsingar for barnehagane i kommunen .......... 4
Om barnehagen .......... 6
Barnehagens formål og innhald .......... 10
Å ivareta barns behov for omsorg .......... 10
Å ivareta barns behov for leik .......... 10
Fremje danning .......... 11
Fremje læring .......... 11
Fremje vennskap og fellesskap .......... 12
Fremje kommunikasjon og språk .......... 13
Barns medverknad .......... 13
Samarbeid mellom heimen og barnehagen .......... 14
Overgangar .......... 14
Psykososialt barnehagemiljø .......... 16
Progresjon i arbeid med omsorg, leik, danning, læring, digitale praksis og fagområda .......... 18
Fagområde .......... 23
Barnehagen som pedagogisk verksemd - Planlegging, vurdering og dokumentasjon .......... 31

# Innleiing

Med heimel i barnehagelova og forskrifta om rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver skal barnehagen utarbeide ein årsplan:
*« I tillegg skal det utarbeidast planar for kortare og lengre tidsrom og for ulike barnegrupper etter behov. Årsplanen er ein arbeidsreiskap for barnehagepersonalet og dokumenterer vala og grunngivnadene til barnehagen. Årsplanen kan gi informasjon om barnehagens pedagogiske arbeid til myndigheitsnivåa, samarbeidspartane til barnehagen og andre interesserte.*
*Styraren skal leie prosessen med å utarbeide årsplanen. Årsplanen skal fastsetjast av samarbeidsutvalet i barnehagen. Årsplanen skal vise korleis barnehagen vil arbeide for å omsetje formålet og innhaldet i rammeplanen og dei lokale tilpassingane i pedagogisk praksis. Årsplanen skal mellom anna vise korleis barnehagen arbeider med omsorg, leik, danning og læring. Her må også progresjon tydeleggjerast. Ein skal synleggjere korleis medverknaden frå barn og foreldre blir teken inn i planleggingsarbeidet, og korleis barnehagen vurderer det pedagogiske arbeidet sitt.. Det skal og kome fram korleis barnehagen arbeider med tilvenning av nye barn og sikrar samarbeid og samanheng med skulen».* (Frå rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver kapittel 7. Barnehagen som pedagogisk verksemd, side 37-40)

Mal for årsplan for barnehagar i Setesdal er til bruk for alle kommunale barnehagar i regionen. Det er tilrådd at ikkje-kommunale barnehagar brukar malen.

Mål med felles mal for årsplan for barnehagar i Setesdal er
- Å sikre alle barn eit barnehagetilbod av høg kvalitet
- Å auke kvaliteten i barnehagane
- Styrke barnehagen som læringsarena
- Å gi barna eit tilrettelagt tilbod i tråd med barnehagelova og rammeplanen

Årsplan med progresjonsplan gir informasjon om dei overordna måla i barnehagelova og tiltaka barnehagen har for å nå desse. Personalet i barnehagen nyttar årsplanen som eit arbeidsdokument. Barnehagane utarbeider detaljerte planar som viser korleis barnehagen arbeider konkret med tiltaka som er fastsett i årsplanen.

Styringsdokument:
- Lov om barnehage
- Rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver
- Vedtekter til barnehagen

Foreldra skal gjennom planane få eit godt innblikk i barnehagen sitt arbeid, og kunna sjå ein klar samanheng mellom føringane som ligg i rammeplanen og innhaldet i årsplanen til barnehagen.

Samarbeidsutvalet skal fastsetje årsplanen til barnehagen.

## Nettverk Setesdal Oppvekst

Nettverk Setesdal oppvekst er eit kollegie- og fagsamarbeid forankra i kommunedirektørutvalet i Setesdal. Kommunar som deltek i nettverket er Bykle, Valle, Bygland, Evje og Hornnes og Åseral.
Nettverket har ansvar for drift av

- styrarkollegiet i Setesdal
- rektorkollegiet i Setesdal
- møter med rektorar på ungdomsskular og vidaregåande skoler i Setesdal

Formål er kompetanseheving, kunnskapsutvikling, erfaringsdeling og lærande nettverk.

I styrarkollegiet deltek styrarar frå alle barnehagane og barnehagemyndigheit i kommunane i Setesdal. Styrarkollegiet har møte 1 gong haust og 1 gong vår.
Innhald i møta er

- Oppfølging av nasjonale føringar, regelverk og satsingar på barnehageområdet
    - korleis gripe nye nasjonale føringar – samanheng med eksisterande satsingar i barnehagen og vidareutvikling av barnehagen
    - Arbeid med implementering av rammeplan for barnehagen innhald og oppgåver
- Erfaringsdeling – dele erfaringar frå arbeid med oppfølging av nasjonale føringar, implementering av rammeplan for barnehagen og arbeid med barnehagebasert kompetanseutvikling.

Lærande nettverk – profesjonssamarbeid (Knut Roald).

## Mål og satsingar for barnehagane i kommunen

Kommunens mål og satsingar:

- Bykle kommune skal ha gode vilkår for god læring heile livet, frå barnehage til vidaregåande skule og vaksenopplæring.
- Barnehagebarna skal ha eit trygt og inkluderande læringsmiljø, fritt for krenkingar som for eksempel utestenging, mobbing, vald, diskriminering og trakassering mobbing
- Barnehagebarna skal møte tilsette med høg kompetanse og tid til å følgje opp det enkelte barnet
- Barnehagane i kommunen skal gi eit pedagogisk tilbod av høg kvalitet.

Tiltak:

- Kompetansehevingsplan for barnehagesektoren
- Felles årsplan
- Verksemdsplan
- Auka pedagogtettleik og barne- og ungdomsarbeidar på kvar avdeling
- Styrarnettverk

Barnehagens tiltak i arbeid med kommunen sitt mål for barnehagane:

- Gjennom observasjon og deltaking i leik og aktivitetar, legg vi til rette for å skape eit lærerikt og utviklande miljø.
- Vi er fleksible og prøver å tilpassa oss det einskilde barnet og familien deira.
- Vi arbeider for å tilby eit godt, heilskapleg og mangfaldig barnehagetilbod til alle som ønskjer det.

Barnehagens mål og satsingar i perioden:

**Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis**: Bykle og Valle kommune har danna nettverk og skal ha felles kompetanseheving i samband med kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis. Alle barnehagane, skulane og PPT skal vere med i satsinga. Alle tilsette deltek.

**Læringsmiljøprosjektet:** Barnehagane og skulane i Bykle kommune er med i læringsmiljøprosjektet pulje 7. Hovudmål til prosjektet er å «fremme et trygt og godt barnehage- og skolemiljø utan mistrivsel og krenkingar som mobbing, vald og trakassering. Barnehager, skuler og kommunar som er med i prosjektet får rettleiing av eit team beståande av personar frå et fagmiljø og erfarne personar frå barnehage- og skule. Rettleiinga tek utgangspunkt i lokale behov og utfordringar. Å skape samanheng med andre kompetanseutviklingstiltak er sentralt.

Vi ser ein samanheng mellom kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis og læringsmiljøprosjektet og vil ha ein raud tråd mellom disse to satsingane.

**Ernæring og kosthald:** Barnehagane vil frå hausten 2023 ta i bruk det digitale verktøyet Matnyttig. Kort sagt gjeng det ut på å fremje gode matvanar og matomsorg dei første leveåra- dei første 1000 dagane i barnets liv. Matnyttig er eit forskingsbasert pedagogisk opplegg for bruk i barnehagen, i tråd med Rammeplanen.
Det fokuserast på det positive kring maten, livskvalitet og måltidsglede

Barnehagane følgjer Helsedirektoratets råd om bra mat i barnehagen og nytter seg også av nettressursen «Matjungelen». Matjungelen er meir for dei eldste barna, 3-5 år.



**I tillegg er barnehagane med på:**

**BRAVO**: Eit språkstimulerande verktøy som nyttas i begge barnehagane. www.bravoleken.no

**Gorrlaus**: Prosjektgruppe med mål: Gje alle barn og unge i grunnskule og kulturskule i Bykle, Bygland og Valle ei innføring i norsk folkemusikk og folkedans, med hovudvekt på tradisjonane i Setesdal. Gje opplæring til personalet. Barnehagane får besøk av utøvarar og får opplæring i bruk av folkemusikk.

**READ Agder**: READ handlar i kortversjon om å tilgjengeleg gjere bøker og rettleiingsmateriell for barn og foreldre. Saman skal dette understøtta:

- føresette i å lesa saman med barna sine dagleg
- samtalen om innhaldet i tekstane (før, under og etter lesinga) – dialogisk lesing
- høgtlesing i barnehage og 1. klasse med fokus på tekstforståing
- lesetreningen på 2-7 trinn med fokus på leseforståelse
- lysta og interessa for skriftspråket
- stå-på-vilje/iherdighet
- den tidlege skrivinga https://readagder.no/

## Om barnehagen

Bykle kommune er den nordlegaste kommunen i Setesdal og Aust-Agder. Bykle har to bygdesenter, Bykle og Hovden. Viktigaste næringar er vasskraft og turisme.

I Bykle kommune har vi 2 kommunale barnehagar med lokalisering i Bykle og på Hovden. Båe barnehagane gir eit heildagstilbod på inntil 9 timar per dag, med høve til ulike plass storleikar. Det er løpande opptak gjennom heile året, utanom heile juli månad og fram til nytt barnehageår startar medio august. Feriestengt 2 veker i juli. Barnehagane har felles tenesteleiar.

**Barnehaganes visjon:**

«Herleg start på livslang læring».

I eining barnehage skal personalet stå fram som eit kompetent personale med respekt for mangfald og likeverd. Vi  jobbar for å skapa tryggleik og trivsel ved å vere tilstade og ved å vere støttespelarar for kvarandre. Vi ønskjer at verdiane skal speglast i handlingane og veremåtane våre i relasjon med barna, foreldra og kvarandre – og prege praksisen vår.

I tråd med Rammeplanen jobbar vi for at alle barn skal få ein god barndom prega av trivsel, vennskap og leik.

**Verdigrunnlaget til barnehagen:**

**Barn og barndom:**

Barnehagen anerkjenner og tar vare på barndommens eigenverdi. Alle barn skal oppleve å bli verdsett for den dei er og blir støtta av personalet for å sikre ein god barndom prega av trivsel, vennskap og leik.

Barna møtest som individ, og barnehagen har respekt for barnets opplevingsverd. Livet til barn blir påverka av omgivnadene, men barn påverkar òg sine eigne liv. Barnehagen gir rom for dei ulike føresetnadene til barna, perspektiv og erfaringar og bidreg til at barna, i

fellesskap med andre, utviklar eit positivt forhold til seg sjølv og tro på eigne evner. Barna møtest med empati og får moglegheit til å vidareutvikle eigen empati og evne til tilgiving.

Det er i barndommen barna utforskar og lærer i samspel med andre, spesielt i leik, på initiativa og premissane deira. Her lærer dei seg sosial kompetanse, dei får sjølvtillit, eit godt sjølvbilde, dei dannar vennskap, dei øver opp omsorg for medmenneska sine og naturen, og erververar empatiske evner. Barn må ha rett til barndommen sin, og rett til å vera barn. Me ynskjer å verna om den viktigaste tida i livet til menneske — barndommen

**Demokrati:**

Medverknaden til barn gjer barna, uavhengig av kommunikasjonsevne og språklege evner, demokratisk deltaking ved å bidra og medverka til innhaldet i barnehagen.

Auka mangfald både i barnehagen og i samfunnet og i tillegg auka individualisering gjer behov for demokratiforståing, respekt for ulikskap og positive haldningar til å leve saman i fellesskap. Gjennom å delta i fellesskapet til barnehagen får barna moglegheit til å utvikle forståing for samfunnet og den verda dei er ein del av. Barnehagen fremmar demokrati og eit inkluderande fellesskap der alle får høve til å ytre seg, bli høyrt og delta. Barnehagen jobbar aktivt for at barna får forståing for og sluttar opp om demokratiske verdiar og normer som ligg til grunn for det samfunnet vi har i dag. Barnets åndsfridom (menneskerettar) blir anerkjent. Personalet syner barna i barnesamtalane respekt og takknemlegheit for den informasjonen dei deler. Ulike meiningar og perspektiv kjem til uttrykk og er utgangspunkt for utviklinga av barnehagen som demokratisk fellesskap.

**Mangfald og gjensidig respekt:**

Alle barna skal få oppleve å kjenne seg sett og anerkjent ved at personalet møter barna inkluderande og jobbar for å inkludera den enkelte i fellesskapet. Den einskildes plass og verdi i fellesskapet blir synleggjort ved at alle barn får same fokus.

Barnehagen fremmar respekt for menneskeverdet ved å synleggjere, verdsetje og fremme mangfald og gjensidig respekt. Barna får oppleva at det fins mange måtar å tenke, handle og leve på. Samtidig gjer vi felles erfaringar og synleggjer verdien av fellesskap.

Barnehagen syner korleis alle kan lære av kvarandre og fremje forvitenskapen til barna og undring over likskapar og ulikskap. Barnehagen bidreg til at alle barn føler seg sett og anerkjent for den dei er, og synleggjer den enkeltes plass og verdi i fellesskapet.

Barnehagen bruker mangfald som ein ressurs i det pedagogiske arbeidet og støttar, styrkar og følgjer opp barna ut frå deira eigne kulturelle og individuelle føresetnader. Barnehagen synleggjer variasjonar i verdiar, religion og livssyn. Det skal vera plass for ein åndeleg dimensjon i barnehagen som må brukast som utgangspunkt for dialog og respekt for mangfald.

Barnehagen legg til rette for kulturmøte, gjer rom for barnas eigen kulturskaping og bidreg til at alle barn får oppleve glede og meistring i sosiale og kulturelle fellesskap. Barnehagen byr på varierte impulsar, opplevingar og erfaringar og omfattar lokale, nasjonale og internasjonale perspektiv.

Barnehagen synleggjer samisk kultur ved å markera samanes nasjonaldag og bidreg til at barna kan utvikle respekt og fellesskapskjensle for det samiske mangfaldet og få tilgang på kunnskap. Barnehagen synleggjer òg eit mangfald i familieformar og sørger for at alle barn får familien sin spegla i barnehagen.

**Danning**

Barnehagen skal fremme danning. Barnehagen skal støtte barna i å forhalda seg prøvande og nysgjerrig til omverda og bidra til å legge grunnlag for modig, sjølvstendig og ansvarleg deltaking i demokratiske fellesskap. Barnehagen skal framme samhald og solidaritet samtidig som individuelle uttrykk og handlingar skal verdsetjast og følgjast opp. Barnehagen skal bidra til at barna kan forstå felles verdiar og normer som er viktige for fellesskapet. Barnehagen skal bidra til å fremme barnas tilhøyrsle til samfunnet, natur og kultur.

I barnehagen skal barna få delta i avgjerdsprosessar og utvikling av felles innhald. Barna skal støttast i å uttrykke synspunkt og skape meining i den verda dei er ein del av. Gjennom samspel, dialog, leik og utforsking skal barnehagen bidra til at barna utviklar kritisk tenking, etisk vurderingsevne, evne til å yte motstand og handlingskompetanse, slik at dei kan bidra til endringar.

**Likestilling og likeverd:**

Barnehagen motverker alle former for diskriminering og fremmar nestekjærleik ved å jobbe aktivt med å gje den enkelte opplevinga av å tilhøyra ein herleg stad på jord i samsvar med visjonen vår for drifta. Med likestilling og likeverd meiner vi at alle barn er like viktige og har rett på omsorga vår, oppfølging og respekt.

Barnehagen fremmar likeverd og likestilling uavhengig av kjøn, funksjonsevne, seksuell orientering, kjønsidentitet og kjønsuttrykk, etnisitet, kultur, sosial status, språk, religion og livssyn ved å ikkje avgrense den enkeltes føresetnader.

Barnehagen bygger verksemda si på prinsippet om likestilling og ikkje-diskriminering og bidreg til at barna møter og skaper eit likestilt samfunn. Alle skal ha like moglegheiter til å bli sett, høyrt og oppmuntra til å delta i fellesskap i alle aktivitetar i barnehagen. Personalet reflekterer kontinuerleg over sine eigne haldningar for best mogleg å kunne formidle og framme likeverd og likestilling og unngå å planlegge for situasjonar der dette kan vere.

**Berekraftig utvikling:**

Barnehagen jobbar for å gje barna kunnskap og haldningar som bidreg til miljøtiltak lokalt. Vi set ord på at handlingane våre òg har konsekvensar for situasjonen nasjonalt, globalt men også for framtida.

Berekraftig utvikling handlar om at menneske som lever i dag, får dekt dei grunnleggande behova sine utan å øydelegga moglegheita framtidige generasjonar har til å dekke sine. Det handlar om å tenka og handla lokalt, nasjonalt og globalt.

Vi jobbar for at barna skal lære å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen. Berekraftig utvikling omfattar natur, økonomi og sosiale forhold og er ein føresetnad for å ta vare på livet på jorda slik vi kjenner det. Barnehagen fremmar derfor verdiar, haldningar og praksis for meir berekraftige samfunn.

Barnehagen legg grunnlag for evna barna har til å tenke kritisk, handle etisk og syne solidaritet. Barna gjer erfaringar med å syne omsorg og ta vare på omgivnadene og naturen.

Vi nyttar barnehagens nærområde, som ein arena for leik og læring der vi har rik tilgang på førstehandserfaringar i naturen. Barna får naturopplevingar og blir kjent med mangfaldet til naturen, og barnehagen ynskjer med dette å bidra til at barna opplever tilhøyrsle til naturen.

**Livsmeistring og helse:**

"Å utvikle evner og tileigne seg praktisk kunnskap som hjelper den enkelte til å handtere medgang, motgang, personlege utfordringar, alvorlege hendingar, endringar og konfliktar på

ein best mogleg måte. Å skape ein tryggleik og tru på eigne evnar til å meistre òg i framtida." (Prebensen & Hegestad, LNU, 2017)

Barnehagen skal bidra til barnas fysiske og psykiske helse og på denne måten ha ein helsefremmande og førebyggande funksjon. I samsvar med visjonen og verdiane våre jobbar vi for at barna skal oppleve trivsel, livsglede, meistring, kjensle av eigenverd og førebyggje krenkingar og mobbing. På denne måten ynskjer vi å bidra til å jamne ut sosiale forskjellar. Dersom tilsette får kunnskap eller mistanke om at eit barn ikkje trivst, blir mobba eller utsett for uakseptabel åtferd, skal vedkommande snarast undersøka saka og varsle tenesteleiar. Viss personalet ser at barn blir mobba/ plaga blir det gripe inn umiddelbart. Om eit barn opplever krenkingar eller mobbing, har barnehagen retningsliner for å handtere, stoppe og følgja opp både barn og foreldre.

Gjennom den daglege og nære kontakten med barna er barnehagen i ein sentral posisjon til å kunne observere og få informasjon om barnas omsorgs- og livssituasjon. Personalet skal ha eit bevisst forhold til at barn kan vere utsett for omsorgssvikt, vald og seksuelle overgrep, og vite korleis dette kan førebyggast og oppdagast. Personalet skal kjenne til opplysningsplikta til barnevernet, jf. barnehagelova § 22. (Rammeplan for barnehagen)

*Fagleg ansvarleg for årsplanen ved tenesteleiar Caroline Rysstad*

*Årsplanen vart fastsett i barnehagen sitt samarbeidsutval:      14.06.2023*



## Barnehagens formål og innhald

Frå forskrift om rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver, kapittel 3, side 19-25.

| Å ivareta barns behov for omsorg | Slik gjer vi det i barnehagen |
|---|---|
| • Barnehagen skal gi barna høve til å utvikle tillit til seg sjølve og andre<br>• I barnehagen skal alle barn oppleve at dei blir sett, forstått og respekterte, og få den hjelpa og støtta dei har behov for<br>• Barnehagen skal aktivt leggje til rette for omsorgsfulle relasjonar mellom barna og personalet, og mellom barna sjølve, som grunnlag for trivsel, glede og meistring. | • Alle barna skal oppleve ein trygg oppstart i barnehagen<br>• Vi skal vere opne, inkluderande, trygge og varme vaksne<br>• Vi skal ha barnet både på fanget og i kjenslene<br>• Vi skal leggje til rette for at barna får ro og kvile<br>• Omsorg og nærleik skal kome til uttrykk i alle kvardagssituasjonar |

| Å ivareta barns behov for leik | Slik gjer vi det i barnehagen |
|---|---|
| I barnehagen skal<br>• leiken ha ein sentral plass<br>• eigenverdien til leiken anerkjennast<br>• det vere gode vilkår for leik, vennskap og barna sin eigen kultur<br>• leiken vere ein arena for utvikling og læring, og for sosial og språkleg samhandling. | • Vi skal gi dei erfaringar og opplevingar som gjer leiken rikare<br>• Vi skal delta i leiken, vere medviten på eigen rolle i leiken<br>• Ta initiativ til leik og rettleie barn inn i leiken<br>• Vise respekt for leiken til barna, og verne om leiken sin eigenverdi |
| Barnehagen skal<br>• inspirere til og gi rom for ulike typar leik både ute og inne<br>• bidra til at alle barn kan oppleve glede, humor, spenning og engasjement gjennom leik – aleine og saman med andre. | • Vi skal organisere rom, tid og leikemateriell for å inspirere til ulike typar leik<br>• Vi vil byggje vidare på barna sine interesser og nysgjerrigheit<br>• Vere trygge og tilgjengelege vaksne |

| Fremje danning | Slik gjer vi det i barnehagen |
|---|---|
| Barnehagen skal<br>• oppmuntre barna til å vere prøvande til og nysgjerrige på omverda<br>• bidra til å leggje grunnlaget for modig, sjølvstendig og ansvarleg deltaking i demokratiske felleskap<br>• fremje samhald og solidaritet samtidig som individuelle uttrykk og handlingar skal verdsetjast og følgjast opp<br>• bidra til at barna kan forstå felles verdiar og normer som er viktige for felleskapet<br>• bidra til å fremje tilhøyrsla til samfunnet, naturen og kulturen<br>• la barna få delta i avgjerdsprosessar og vere med på å utvikle felles innhald | • Vi vil skape eit miljø for gode, utforskande samtalar og vurderingar<br>• Vi skal vise interesse for det barna seier, og utfordre deira tenkemåte<br>• Vi skal leggje til rette for meiningsfulle opplevingar og støtte<br>identitetsutviklinga til barna og gi dei positiv sjølvbilete<br>• Vi skal synleggjere og framheve mangfald og ulikskap<br>• Vi gir barna kunnskap om lokalkultur og nærmiljø<br>• Reflektere saman med barna i etterkant av ting vi har opplevd, både ved gode og vonde opplevingar.<br>• Oppmuntre alle barna til å gje uttrykk for eigne tankar og meiningar. |

| Fremje læring | Slik gjer vi det i barnehagen |
|---|---|
| I barnehagen skal<br>• barna oppleve eit stimulerande miljø som støttar opp om lysta til å leike, utforske, lære og meistre<br>• barna bli introdusert for nye situasjonar, tema, fenomen, materiale og reiskapar som bidreg til meiningsfull samhandling<br>• nysgjerrigheit, kreativitet og vitelyst anerkjennast, stimulerast og leggjast til grunn for læringsprosessane<br>• barna få undersøkje, oppdage og forstå samanhengar, utvide perspektiv og få ny innsikt<br>• barna få bruke heile kroppen og alle sansar i læringsprosessane sine | • Vi skal gi barna utfordringar tilpassa alder og modnad<br>• Vi skal ha fokus på prosessane, ikkje resultata<br>• Vi skal la barna bli kjende med ulike materiale<br>• Vi skal ha fokus på det fysiske miljøet, «rommet som den tredje pedagog»<br>• Vi skal rettleie og inspirere<br>• Vi skal vere merksame på interessene og engasjementet til barna, og leggje til rette for læring i ulike situasjonar og aktivitetar<br>• Ha god balanse mellom styrte og frie aktivitetar. |

| | |
|---|---|
| | • Ha tid til å reflektere og vere i opplevinga og la barna syne veg. |

| **Fremje vennskap og fellesskap** | **Slik gjer vi det i barnehagen** |
|---|---|
| I barnehagen skal<br>• alle barn kunne erfare å vere viktige for fellesskapet<br>• alle barn vere i positivt samspel med andre barn og vaksne<br>• sjølvkjensla til barna støttast, samtidig som dei får hjelp til å meistre balansen mellom å dekkje sine eigne behov og ta omsyn til andre sine behov<br>• Barnehagen skal aktivt leggje til rette for utvikling av vennskap og sosialt fellesskap. | • Bruke ulike verktøy vi har i arbeidet med vennskap<br>• Ha tema og prosjekt om vennskap<br>• Ha aktivitetar der alle bidrar og er med<br>• Vi skal førebyggje, stoppe og følgje opp all form for diskriminering, utestenging, mobbing, krenkingar og uheldige samspelsmønster<br>• Vi skal støtte barna sitt initiativ til samspel og bidra til at alle kan få leike med andre, oppleve vennskap og lære å halde på venner<br>• Gje felles opplevingar<br>• Veksle mellom små og store grupper |





| Fremje kommunikasjon og språk | Slik gjer vi det i barnehagen |
|---|---|
| I barnehagen skal<br>• barna gjennom dialog og samspel støttast i å kommunisere, medverke, lytte, forstå og skape meining<br>• barnas ulike kommunikasjonsuttrykk og språk verdsetjast og anerkjennast<br>• alle barn få god språkstimulering gjennom barnehagekvardagen<br>• alle barn få delta i aktivitetar som fremjar kommunikasjon og ei heilskapleg språkutvikling. | • Vi skal vere gode språkmodellar<br>• Anerkjenne og verdsetje barna sitt morsmål<br>• Ha god tilgang på bøker<br>• Mykje høgtlesing<br>• Besøke biblioteket<br>• Bruke rim, regler og song<br>• Stiller opne spørsmål<br>• Gjennomfører BRAVO-leiken<br>• Bruke språket aktivt saman med barna, setje ord på det vi ser og det vi gjer.<br>• Fange opp og støtte dei som har ulike språkvanskar |

| Barns medverknad | Slik gjer vi det i barnehagen |
|---|---|
| I barnehagen skal<br>• barna sin rett til medverknad sikrast<br>• barna bli oppmuntra til å gi uttrykk for kva dei synest om den daglege verksemda til barnehagen<br>• barna jamleg få høve til å delta aktivt i planlegginga og vurderinga av barnehageverksemda<br>• alle barna kunne erfare å få påverke det som skjer i barnehagen<br>• ein vektleggje synspunkta til barna i samsvar med alder og mognad<br>• barna ikkje få meir ansvar enn det dei er rusta til å ta | • Vi har barnesamtalar, dette kan og skje spontant i uformelle situasjonar der barn/vaksne har ein god samtale.<br>• Vi tek utgangspunkt i barna sine interesser når vi jobbar med prosjekt, planar og kvardags-aktivitetar (samlingsstund, turar og leik)<br>• Dei eldste barna deltek i ulike komitear (til dømes merkedagar og festar)<br>• Vi lyttar, observerer, reflekterer – kva er barna oppteken av?<br>• Gje barna val ut frå sine føresetnadar<br>• Anerkjenne barnas ynskjer og forklare kvifor det kan eller ikkje kan gjennomførast akkurat då. |

| | |
|---|---|
| | • Vere opne for å endre planar når vi ser at interessa tek ein anna veg. |

| **Samarbeid mellom heimen og barnehagen** | **Slik gjer vi det i barnehagen** |
|---|---|
| Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barnas behov for omsorg og leik, og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling, jf. barnehagelova § 1 og forskrift om rammeplan for barnehagen kap. 5 ( side 29-30) | • Vi har oppstartsamtalar, foreldresamtalar og foreldremøte<br>• Daglege samtalar ved levering og henting av barna<br>• Vi snakkar saman på telefon<br>• Vi nyttar foreldreråd og samarbeidsutval<br>• Spontane samtalar ved behov<br>• Vi nyttar brukarundersøking frå UDIR<br>• Informasjon om det pedagogiske arbeidet gjennom årsplan, foreldremøter og månadsbrev. Informasjonsskriv enten/og på mail eller på tavle i garderoben<br>• Nyttar Visma flyt barnehage app og føresett/tilsettportal |

| **Overgangar** | **Tiltak – slik gjer vi det i barnehagen** |
|---|---|
| **Når barnet begynner i barnehagen**<br><br>Barnehagen skal<br>• i samarbeid med foreldra leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god oppstart i barnehagen<br>• tilpasse rutinar og organisere tid og rom slik at barnet får tid til å bli kjent, etablere relasjonar og knyte seg til personalet og til andre barn<br>• personalet sørgje for tett oppfølging den første tida, slik at barnet kan oppleve tilhøyrsle og føle at det er trygt å leike, utforske og lære. | • Oppstartssamtale<br>• Eigne rutinar for pre- tilvenning og tilvenning<br>• Fleksibel tilvenningsperiode – avhengig av kvart enkelt barn<br>• Dialog med foreldra<br>• Vi legg til rette for at barn og foreldre kan besøke barnehagen i god tid før oppstart, gjerne fleire gonger |

| | |
|---|---|
| **Overgangar i barnehagen**<br><br>I barnehagen skal<br><br>• personalet sørge for at barnet og foreldre får tid og rom til å bli kjende med andre barn og anna personalet når eit barn byter barnegruppe. | • Eigen plan for overgang til ny avdeling<br><br>• Pedagogiske leiarar skal ha overføringssamtalar seg imellom før oppstart på ny avdeling<br><br>• Informasjon og samarbeid med heimen |
| **Overgangen mellom barnehage og skule**<br><br>Barnehagen skal<br><br>• i samarbeid med foreldra og skulen leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god overgang frå barnehage til skule, og eventuelt til skulefritids-ordninga.<br><br>• ha samtykke frå foreldra for å dele opp-lysningar om enkeltbarn med skulen.<br><br>• gi dei eldste barna høve til å gle seg til å begynne på skulen og oppleve at det er ein samanheng mellom barnehagen og skulen.<br><br>• leggje til rette for at dei eldste barna har med seg erfaringar, kunnskap og ferdigheiter som kan gi dei eit godt grunnlag og god motivasjon for å begynne på skulen.<br><br>• bidra til at barna kan avslutte barne-hagetida på ein god måte og møte skulen med nysgjerrigheit og tru på eigne evner<br><br>• la barna bli kjende med kva som skjer i skulen og skulefritidsordninga. | • Eigen plan for overgang barnehage-skule<br><br>• Besøk og av og til vere med småskulen<br><br>• Besøke SFO<br><br>• Deltek på nokre felles arrangement gjennom den kulturelle skulesekken<br><br>• 5-åringane har førskuledagar på skulen om våren<br><br>• Barnehagen har fokus på at dei eldste barna som skal starte på skulen i lag, knyt nære relasjonar gjennom å vere i «Kompisgruppe»<br><br>• Representantar frå skulen/sfo kjem på besøk ila våren. |

Frå rammeplanen kapittel 6. Overgangar

| Psykososialt barnehagemiljø | Slik gjer vi det i barnehagen |
|---|---|
| Barnehagen skal<br>• Ikkje godta krenkingar som til dømes utestenging, mobbing, vald, diskriminering og trakassering.<br>• Barnehagen skal førebyggje tilfelle kor barna ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø | • Alle som jobbar i barnehagen skal gripe inn når eit barn utsetjast for slike krenkingar.<br>• Arbeide kontinuerleg for fremje helsa, trivselen, leiken og læringa til barna<br>• Alle som jobbar i barnehagen skal følgje med på korleis barna i barnehagen har det.<br>• Barnehagen har utarbeida «plan for eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø for alle barnehagebarna i Bykle kommune» |

| Arbeidsmåtane til barnehagen og progresjon | Tiltaka våre – slik gjer vi det i barnehagen |
|---|---|
| **Arbeidsmåtane til barnehagen**<br>• skal ivareta barna sitt behov for omsorg og leik og fremje læring og danning og gi barn høve til å medverke.<br>• Personalet skal ta i bruk varierte arbeidsmåtar, og arbeidsmåtane skal tilpassast til enkeltbarn, barnegruppa og lokalmiljøet. | • Vi skal til ei kvar tid ta i bruk varierte arbeidsmåtar, og dei skal vere tilpassa enkeltbarn og barnegruppa<br>• Vi inkluderer nærmiljø og lokale tilhøve<br>• Barnehagedagen inneheld/gir rom for både planlagde og spontane aktivitetar<br>• Vi er fleksible<br>• Observere og evaluere innhaldet for å sikre at barna blir ivaretatt |

| **Progresjon i barnehagen inneber at** | |
|---|---|
| • alle barna skal utvikle seg, lære og oppleve framgang<br>• alle barna skal kunne oppleve progresjon i barnehageinnhaldet<br>• barnehagen skal leggje til rette for at barn i alle aldersgrupper får varierte høve til leik, aktivitetar og læring.<br>• barnehagen skal leggje til rette for progresjon gjennom val av pedagogisk innhald, arbeidsmåtar, leiker, materiale og utforming av fysisk miljø.<br>• barna skal få utfordringar som er tilpassa erfaringane, interessene, kunnskapane og ferdigheitene sine. | • Vi har progresjonsplanar i høve til alder og mognad<br>• Vi legg til rette for variasjonar og utvikling i val av leiker, materiell og tema/prosjekt<br>• Observere barna<br>• Legge til rette for nye erfaringar<br>• Vere bevisste vaksne<br>• Endre planar ved behov<br>• Alle tilsette har kunnskap om barns utvikling og læring. |



**Formålet med og innhaldet i barnehagen**

Rammeplanen kapittel  3 s. 19

"Innhaldet i barnehagen skal vere allsidig, variert og tilpassa enkeltbarnet og barnegruppa. I barnehagen skal barna få leike og utfalde skaparglede, undring og utforskartrong. Ein skal sjå arbeidet med omsorg, danning, leik, læring, sosial kompetanse og kommunikasjon og språk i samanheng og samla bidra til den allsidige utviklinga til barna.»

| **Progresjon i arbeid med omsorg, leik, danning, læring, digitale praksis og fagområda** |
|---|
| Progresjonsplanen viser korleis barnehagen arbeider med omsorg, leik, danning og læring, digital praksis og dei sju fagområda, slik det står i forskrift om rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver.<br><br>*«Fagområda speglar område som har interesse og eigenverdi for barn i barnehagealder, og skal bidra til å fremje trivsel, allsidig utvikling og helse. Barnehagen skal sjå fagområda i samanheng, og alle fagområda skal vere ein gjennomgåande del av innhaldet til barnehagen.»* |

Barnehagen er bygget på fire grunnpilarar. Grunnpilarane er omsorg,

leik, danning og læring. Det må vere likevekt/samsvar mellom desse fire områdane.

Alle er like viktige.




Oppleve tryggheit
Syne ulike kjensler
Syne empati
Omsorg
Hjelpe kvarandre
Tillit til seg sjølv og andre
Gje/ ta imot trøyst
Inkludere andre


Byrgjande turtaking
Kome inn i leik med andre
Byrjande paralelleik
Vere i leik over tid
Leik
Syne nyskgjerrig het "herme"
Interesse for å leike med andre
Delta i like typar leik
Dele og halde på leiker


Bordskikk
Eg er viktig
Aktiv i leik og felleskap
Danning
Utvikle kunnskap verdier og haldning
kjend med rutiner og normer
respekt for mangfald


Tryggleik og forutsigbarh eit
Vere deltakande
Mestring/ klare sjølv
Respekt for seg sjølv og andre
Læring
observere, lytte
Sjølvstendig
ta imot beskjedar
Kreativ
Vere nysgjerrig

| Område | Praksisen til barnehagen - slik gjer vi det: | | |
|---|---|---|---|
| | **1-2 år** | **3-4 år** | **5-6 år/skulestartarar** |
| Omsorg | - Skape gode og trygge relasjonar til omsorgspersonane i barnehagen<br>- Vise ulike kjensler<br>- Ta imot trøyst<br>- Utvikle tillit til seg sjølv og andre<br>- Oppleve tryggleik i barnehagen | - Vere merksam på eigne og andre sine kjensler<br>- Vise empati<br>- Hjelpe kvarandre/vere hjelpsam | - Trøyste andre<br>- Hente hjelp når ein treng det<br>- Setje seg inn i andre sine kjensler og situasjonar<br>- Inkludere andre<br>- Vise nestekjærleik<br>- Glede andre og seg sjølv |
| Leik | - Byrjande turtakingsleik<br>- Vere nyfiken og vise interesse for det som skjer rundt seg<br>- Toddlerleik<br>- Byrjande parallell leik<br>- Oppleve glede ved å vere saman med andre barn | - Kunne delta i ulike typar leik<br>- Dele og halde på leike (sjølvhevding)<br>- Vere i leik over tid<br>- Kunne leike åleine og med andre<br>- Meistre turtaking<br>- smågrupper fo lettare å få til rolleleik | - Leve seg inn i rolleleik, gløyme tid og stad<br>- Vere meir sjølvstendig i leik<br>- Bringe nye element inn i leiken<br>- Humor i leiken<br>- Oppsøke barn på ein positiv måte |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Læring | - Skape tryggleik<br>- Gi meistringsopplevingar i rutinesituasjonar | - Lytte<br>- Ta imot beskjedar<br>- Vere kreativ i ulike situasjonar<br>- Byrjande sjølvstende i rutinesituasjonar, måltid, påkledning, hygiene etc. | - Kle på seg sjølv<br>- Lytte i samling<br>- Respekt for seg sjølv og andre |
| Danning | - Sitje ved bordet under måltid og vere del av fellesskapet<br>- Vise interesse i samlinga<br>- Bli kjend med avdelinga sine rutinar og normer, og etterkvart innrette seg etter desse. | - Synleggjere mangfald ved hjelp av flagg, songar, mat etc.<br>- Bli kjend med enkle ord, tal på andre språk<br>- Vise interesse for å delta i samlinga<br>- Få ei kjensle av at EG er viktig, at andre tek meg på alvor<br>- Utvikle kunnskap og haldningar saman gjennom dialog<br>- Hjelpe til med praktiske gjeremål | - Vise respekt for ulikskapar mellom menneske<br>- Setje barna i stand til å tenkje sjølv, søke kunnskap, reflektere og stille spørsmål og yte motstand på eigne og andre sine vegne<br>- Innrette seg etter rutiner og reglar i barnehagen<br>- Vere ansvarsmedviten<br>- Oppleve tilhøyrsle til samfunnet, natur og kultur<br>- Lære seg å stille spørsmål til seg sjølv og andre, utforska eigne tankar og filosofere |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Den digitale praksisen til barnehagen | - Fokus på musikk, bilete og lys | - Få kjennskap til ulike digitale verktøy med fokus på læring<br>- Bli kjend med digitalt kamera og pc | - Fokus på nettvett<br>- Innhente faktakunnskapar<br>- Grunnleggjande kunnskap om pc<br>- Få kjennskap til appar og program på iPaden<br>- Fokus på rammeplanen sine fagområde<br>- Lage filmsnuttar<br>- Bli kjend med smartboard |





| Fagområde | Praksisen til barnehagen – slik gjer vi det: | | |
|---|---|---|---|
| | **1-2 år** | **3-4 år** | **5-6 år/skulestartarar** |
| Kommunikasjon, språk og tekst | - Har tilgang til peikebøker, og vaksne som les for barna dagleg<br>- Får erfaringar med enkle sangar, med og utan rørsle<br>- Opplever rim og regler<br>- Får høyre historiar/eventyr med støtte i konkretar<br>- Får vere saman med vaksne som set namn på alt vi gjer<br>- Opplever vaksne som nyttar eitkvart høve til å snakke med og lytte til barna<br>- Får spele enkle spel<br>- Møter bokstaven sin og bokstavar generelt<br>- Det heng bilete på veggen i barna si høgde<br>- Vi bruker verktøyet «Bravo» | - Har tilgang til biletbøker med tekstar, og dei vaksne les for barna dagleg<br>- Får erfaringar med sangar, med og utan rørsler<br>- Får erfaringar med rim og regler<br>- Speler ulike spel<br>- Får erfaring med å klappe stavingar i namnet sitt<br>- Møter vaksne som snakkar, filosoferer og undrar seg saman med barna i ulike typar samtalar<br>- Møter namnet sitt skriven med bokstavar<br>- Får erfaring med å lytte til enkle historiar<br>- Får erfaring med å leike med skriftspråket | - Har tilgang til bøker med meir tekst og mindre bilete, og dei vaksne les for barna dagleg<br>- Får erfaring med seriebøker<br>- Får erfaring med å syngje lengre sangar<br>- Møter vaksne som snakkar, reflekterer og undrar seg saman med barna rundt abstrakte omgrep<br>- Speler spel som rimlotto og liknande<br>- Deltek i aktivitetar der ein skriv namnet sitt og vidareutviklar leik med skrift-språket<br>- Får erfaring med å lytte til ei historie<br>- Får erfaring med å fortelje ei enkel historie<br>- Har Kompissamlingar |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Kropp, rørsle, mat og helse | - Opplever tryggleik<br>- Opplever vaksne som møter, anerkjenner og set ord på kjenslene deira<br>- Får høve til å kle på og av seg sjølv<br>- Opplever variert motorisk leik, Dans og rørsleglede, ute og inne<br>- Det fysiske miljøet gir god plass for tumleleik, også inne<br>- Møter ulike sanseinntrykk, gjennom å sjå, lukte, høyre, kjenne og smake. Gå berrføtt på ulike underlag ute.<br>- Delta i bakeaktivitetar<br>- Lære å vaske hender før frukt og måltida<br>- Får delta på turar i nærmiljøet | - Møter vaksne som hjelper til med kjensleregulering og støttar i sosialt samspel<br>- Lære dei å sjå samanhengen mellom kle og ver<br>- Får erfaringar med å gå på ski<br>- Opplever glede i fellesmåltid<br>- Deltek i borddekking og å rydde vekk og vaske opp/setje i oppvaskmaskina<br>- Deltek i matlaging og deler opp frukt<br>- Opplever vegen frå råvarer til ferdig måltid<br>- Bruker gymsal og sømjehall<br>- Lærer god handhygiene<br>- Variert og sunt kosthald<br>- Får kunnskap om kroppen sin | - Deltek på lengre turar/kompisturar<br>- Får erfaring med å hinke og hoppe tau<br>- Deltek i regelleiker<br>- Deltek i ballaktivitetar<br>- Erfarer at menneska er ulike og respektere det<br>- Barna skal få delta i risikoleik, som å leikeslåss og klatre i tre<br>- Får kjennskap til førstehjelp<br>- Lærer om sunt kosthald<br>- Kunne kjenne om ein frys eller er varm<br>- Øver på å tørke seg sjølv etter toalettbesøk |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | - Ro og kvile | - Gir barna god erfaring med friluftsliv og uteaktivitetar til alle årstider | |
| Kunst, kultur og kreativitet | - Oppleve ulike sanseopplevingar<br>- Får erfaring med ulike formings- og naturmateriale<br>- Møter grunnleggjande formingsteknikkar<br>- Utforskar ulike estetisk uttrykksformer<br>- Deltek i musikkleik – skape og utforska lydar, fokusere på kontrastar i stemma si<br>- Deltek i rørsle- og danseleiker<br>- Møter primærfargane<br>- Får vere i eit miljø tilrettelagt for rolleleik<br>- Får næring til leik gjennom eventyr, biletbøker, historiar og | - Utforskar sanseinntrykk<br>- Blir introdusert for ulike estetiske og kulturelle uttrykk som barna kan bearbeide<br>- Startar å utforska rytme, klang og tekst<br>- Deltek i rørsle- og sangleiker<br>- Opplever tempo og styrke i musikk<br>- Får erfaring med å leike ut eventyr og spele teater sjølv<br>- Utfalde seg gjennom musikk, dans og drama<br>- Får erfaring med å skape eign historiar gjennom bruk av ulike uttrykk | - Gir barna høve til å skape eigne uttrykk gjennom tilgang til variert formingsmateriell som innbyr til fantasi og utforsking<br>- Får høve til å skape sine eigne musikalske og estetiske uttrykk<br>- Opplever ulike felles kulturopplevingar<br>- Erfarer at det er stor variasjon og mangfald, at det fins mange måtar å uttrykkje seg på<br>- Møter vaksne som legg til rette for at barna kan skape sine eigne historiar, spele teater og framføre eigne uttrykk for andre, våge å vere i fokus<br>- Gjere seg erfaringar med lyse og mørke fargar |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | opplevingar<br>- Møter tradisjonelle barnesangar, rim og regler<br>- Får erfaring med ulike måle-teknikkar | - Får erfaring med form, farge og mønster<br>- Gir barna erfaringar med ulike kulturelle førestillingar | - Samarbeider med kulturskulen |
| Natur, miljø og teknologi | - Barna er med på korte turar i nærmiljøet, med skogen som læringsarena<br>- Gir sanseopplevingar med endringar i naturen t.d. sol/regn, kulde/varme. Sjå, lytte, kjenne lukte og smake<br>- Blir kjend med ulike element; sand, vatn, snø, is, leire og jord<br>- Deltek i undring over natur-fenomen<br>- Vere med å oppdage insekt og dyr<br>-Tek med søppel attende frå tur, | - Gir opplevingar i naturen og har turdagar<br>- Sår og planter, følgjer med og tek vare på<br>- Lærer å vise respekt for naturen, t.d. ei maurtue<br>- Får kjennskap til dyra si rolle i naturen. Kvar kjem maten i frå?<br>- Kjeldesorterer<br>- Kjennskap til årstidene og kva som kjenneteiknar dei<br>- Litt kjennskap om fødsel og død<br>- Dyr i norsk natur | - Går lengre turar i naturen og nærmiljøet/kompisturar<br>- Foredlar råvarer frå naturen og dele opp ulike matvarer<br>- Lærer om økosystem og næringskjede<br>- Lærer om fødsel og død<br>- Lærer om globale dyr og kvar dei lever<br>- Kjenne att dyrelydar<br>- Lære barna å finne fram kle som er tilpassa veret<br>- Bruker ulike verktøy<br>- Gir rom for undring over naturfenomen<br>- Gir erfaringar med bruk av teknolog- |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | rydde etter seg<br>- Samlar naturgjenstandar til forming og leik<br>- Får kjennskap til husdyr<br>- Opplever å bevege seg i ulendt terreng. Styrke grov- og finmotorikken<br>- Får erfaring med enkle konstruksjonar/byggjesett | - Kjenne til det å «google»<br>- Får erfaringar med ulike verktøy, t.d. hammar, sag, kniv, skrujern.<br>- Erfarer å skjere opp maten sjølv, ete med kniv og gaffel<br>- Startar å sjå samanhengen Mellom kle og ver<br>- Lære å klatre i tre<br>- Gir barna opplevingar på ski | iske hjelpemiddel, og vaksne som utøver digital dømekraft<br>- Nyttar fysikk |
| Mengd, rom og form | - Møter ord og omgrep om rom og retning i talespråket og erfare tydinga av desse<br>- Møter plasseringsord i daglegtalen og i aktivitetar<br>- Får erfaring med talremsa opp til i 5, vi brukar teljing i kvardagen<br>- Får erfaring med ulike storleikar, mengder og vekt | - Gjere seg erfaringar med rom og retning i t.d. hinderløyper, sykkel og ski<br>- Møter og bruker enkle plasseringsord<br>- Gir barna erfaringar med å telje opp til 10.<br>- Måle mengde og lengde ved hjelp av ulike tilrettelagde aktivitetar | - Kunne setje ord på erfaringane sine med rom og retning<br>- Forstå og kunne bruke plasseringsord<br>- Få erfaring med å telje til 100<br>- Måler med linjal og måleband<br>- Får litt kjennskap til temperaturmåling, tid og pengar<br>- Speler ulike kortspel<br>- Blir kjend med enkle matematiske |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | - Deltek i aktivitetar med parkobling,<br>- Møter ulike former<br>- Leiker med t.d. putteboks og puslespel<br>- Enkel klassifisering, som å få erfaring med å sortere stor/liten eller etter farge<br>- Byggje med tredimensjonale materiale, t.d. duplo | - Spelar brettspel og bruke terning<br>-Barna får erfaringar med omgrepa sirkel, femkant, etc. Klippe ut former, gå på «formjakt»<br>- Får erfaring med å sortere søppel<br>- Byggjer med magnetar, lego og byggjeklossar | omgrep som pluss og minus<br>- Byggjer med meir avanserte konstruksjonsmateriell t.d. Jovobrikkar<br>- Vere med å lage mat etter enkle oppskrifter<br>- Har Kompissamlingar |
| Etikk, religion og filosofi | - Møter vaksne som følgjer barnet sitt initiativ og er tilgjengeleg for barnet si undring og samtalar<br>- Møter vaksne som legg til rette for kontakt og relasjonsbygging mellom barn, og byggjer opp under barna sitt gryande vennskap og samleik<br>- Møter vaksne som støttar barna i deira kommunikasjon med andre barn | - Møter vaksne som stiller opne spørsmål som innbyr til samtale og gir auka innsikt hos barna<br>- Får erfaring med sosial kompetanse, mellom anna konfliktmeistring- og løysing<br>- Vere med på å sejtje ord på og snakke om ulike kjensler og bli medviten på korleis handlingane våre påvirkar andre<br>- Gjere seg erfaringar i samspel | - Deltek i filosofering rundt grunnleggjande livsspørsmål, undring over livets gang, etiske utfordringar<br>- Barna lærer om det å ta ansvar for vala dei gjer og konsekvensane av desse<br>- Gjere seg erfaring med å snakke om kjenslene våre<br>- Opplever eit miljø prega av dialog, toleranse og evne til refleksjon, og utvikle respekt for meiningane og |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | - Opplever fellesskap og det å vere ein del av ei gruppe, oppleve at ein tek omsyn til kvarandre og viser empati<br>- Gjere seg erfaringar med grunnleggjande sosial kompetanse<br>- Deltek på markering av ulike høgtider og kulturelle tradisjonar | med andre, utvide vennskapsrelasjonar<br>- Erfarer at ein har eit kroppsspråk og eit andletsuttrykk<br>- Møter vaksne som legg til rette for at vi kan undre oss og vere nysgjerrige saman<br>- Gir tid og rom for dialog og filosofiske samtalar<br>- Får erfaring med ulike høgtider, religionar og livssyn som er representert i barnehagen (i samarbeid med heimen) | synspunkta til kvarandre<br>- Får kjennskap til grunnverdiane våre, ulike høgtider og kulturelle tradisjonar<br>- Blir medviten sin eigen identitet i samspel med andre (sjølvkjensle, sjølvbilete)<br>- Erfare mangfald og inkludering |
| Nærmiljø og samfunn | - Får erfaring med omgrepet familie<br>- Lære namn på barn og vaksne<br>- Oppleve samfunnet i barnehagen sitt nærmiljø<br>- Oppleve samhald og fellesskap | - Gjere seg erfaringar i nær- og lokalmiljøet<br>- Får vere med i butikken og handle for deretter å lage noko av det vi har kjøpt | - Lærer barna om Bykle kommune<br>- Får ei forståing av at alle er viktige for fellesskapet<br>- Får kjennskap til lokal historie<br>- Besøker skulen dei skal starte på |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | med dei andre barna og vaksne i barnehagen<br>- Oppleve gruppefellesskap og erfare kva for avdeling dei høyrer til<br>- Oppleve kulturtilbodet i nærmiljøet<br>- Møte dyr i nærmiljøet | - Besøke biblioteket<br>- Oppleve eit inkluderande miljø og at ulikskapar er positivt<br>- Erfaringar med ulike familiesamansettingar og buformer<br>- Erfaringar med ulike yrkesgrupper<br>- Oppleve vaksne som legg til rette for medverknad<br>- Deltek i planlegginga av barnehagedagen sin<br>- Bli kjend med at samane er Noreg si urbefolkning | - Teiknar kart over stader ein kan besøke<br>- Erfare at initiativet deira påverkar kvardagen<br>- Lære om menneskerettane |

## Barnehagen som pedagogisk verksemd
## - Planlegging, vurdering og dokumentasjon

| Område | Barnehagen skal | Slik gjer vi det i barnehagen |
|---|---|---|
| **Planlegging** | Gjennom planlegging synleggjere korleis barnehagen tolkar og realiserer rammeplanen, og skal vere utgangspunkt for refleksjon og utvikling av barnehagen. | • Vi har 5 kurs- og fagdagar i løpet av året, i tillegg til avdelings- og personalmøte, som vert bruka til planlegging og evaluering av det pedagogiske innhaldet i barnehagen<br>• Alle medarbeidarar er involverte i utarbeidinga av årsplanen<br>• Gjennom månadsbrev får dei føresette meir detaljert informasjon om tema og planar for perioden. |
| | Basere planlegginga på kunnskap om trivselen til barn og den allsidige utviklinga deira, både individuelt og i gruppe. Ho skal òg vere basert på observasjon, dokumentasjon, refleksjon, systematisk vurdering og samtalar med barn og foreldre. | • Vi sender ut månadsplanar/temaplanar til foreldra<br>• Vi involverer barna i planlegginga<br>• Vi har barnesamtalar<br>• Vi gir foreldra høve til å påverke innhaldet gjennom dagleg kontakt, foreldremøte, samarbeidsutval og brukarundersøking<br>• Foreldresamtalar, foreldreråd, foreldremøter og samarbeidsutval. |
| **Vurdering** | Regelmessig vurdere det pedagogiske arbeidet | • Vi vurderer barna si læring og opplevingar, og dei vaksne sin veremåte og praksis i lys av planar og mål<br>• Avdelingsmøter, personalmøter og kurs-/plandagar |
| **Dokumentasjon** | Dokumentere korleis personalet arbeider for å oppfylle krava i barnehagelova og rammeplanen. Dokumentasjonen skal inngå i barnehagen sitt arbeid med å planleggje, | • Vi dokumenterer livet i barnehagen på fleire måtar, både skriftleg og visuelt<br>• Alle avdelingane har biletrammer i garderobane der vi viser bilete frå dagen.<br>• Vi skriv kort referat frå barnehagedagen på tavle i |

| | | |
|---|---|---|
| | vurdere og utvikle den pedagogiske verksemda. | garderobane/sende ut informasjon i Visma flyt appen<br>• Brukar ulike observasjonsmetodar<br>• Barna har kvar sin perm med foto og teikningar<br>• Lagar utstillingar<br>• Dokumentere prosessar og bruke dokumentasjonen i refleksjon og samtale med barna |





Setesdal regionråd


**Bykle kommune**
Sarvsvegen 14
4754 Bykle
T: 37 93 85 00
E: postmottak@bykle.kommune.no
bykle.kommune.no

**Valle kommune**
Kjellebergsvegen 1, Postboks 4,
4747 Valle
T: 37 93 75 00
E: post@valle.kommune.no
valle.kommune.no

**Bygland kommune**
Sentrum 18
4745 Bygland
T: 37 93 47 00
E: post@bygland.kommune.no
bygland.kommune.no

**Evje og Hornnes kommune**
Kasernevegen 19
4735 Evje
T: 37 93 23 00
E: post@e-h.kommune.no
e-h.kommune.no

**Åseral kommune**
Gardsvegen 65
4540 Åseral
T: 38 28 58 00
E: post@aseral.kommune.no
aseral.kommune.no